

Eksamen

04.06.2020

MED2003 Medieproduksjon

Programområde: Medieproduksjon

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	1. Bakgrunnsinfo: Satsing på kollektivtransport og miljøvennleg transport, side 7
Informasjon om vurderinga	<p>Sensor vurderer i kva grad svaret viser at kandidaten har nådd kompetansemåla i læreplanen, og korleis kandidaten bruker og reflekterer over faglege kunnskapar og ferdigheiter.</p> <p>Det blir lagt vekt på at du viser korleis ein jobbar med forarbeid, og at du viser kompetanse innan medieproduksjon og etterarbeid, bruker fagomgrep og grunngir vala dine.</p> <p>Sjå Eksamensveiledninga</p>
Andre opplysningar	Du skal svare på alle oppgåvene. Les derfor nøye igjennom alle oppgåvene før du svarer på dei.

Oppgåve 1

Du jobbar i eit reklamebyrå og har fått i oppdrag å utarbeide ein haldningskampanje som, på bakgrunn av målsetjingane til regjeringa (vedlegg 1), skal oppfordre til større merksemd om kollektivtransport og miljøvennleg transport.

Kampanjen skal bestå av to ulike produkt innanfor ulike medium. Du vel – og grunngir – sjølv målgruppe og medium med bakgrunn i informasjonen du finn i vedlegg 1. Minst éin av kanalane må vere web-basert, den andre kan du velje sjølv.

Beskriv ein idé du vil basere oppgåva di på, og korleis du kom fram til denne ideen.

Gjer greie for korleis du vil produsere og ferdigstille dei to produkta, og grunngi vala dine.

Det er viktig at du plukkar ut ei skisseform som passar til mediet du har valt, grunngir denne og lagar ei produksjonsskisse som ein del av svaret ditt.

Oppgåve 2

Gjer greie for kva slags utstyr og programvare du ville ha brukt under produksjon og postproduksjon av produkta du laga i oppgåve 1.

Her må du også forklare kva for filformat som høyrer til det ulike utstyret og dei ulike programvarene, og korleis du ville ha eksportert dei endelege produkta dine for publisering i dei aktuelle kanalane.

Oppgåve 3

Når ein skal arbeide med haldningar, er det vanleg å bruke retoriske verkemiddel og appellformer. Drøft korleis du ville ha arbeidd med retorikken for at medieprodukta dine skulle få størst mogleg gjennomslagskraft overfor målgruppa di. Her kan du tenkje reint produksjonsmessig: Kva må du gjere i produksjonen for å oppnå den retoriske påverknaden du ønskjer?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	1. Bakgrunnsinfo: Satsing på kollektivtransport og miljøvennlig transport, side 6
Informasjon om vurderingen	<p>Sensor vurderer i hvilken grad besvarelsen viser at kandidaten har nådd kompetansemålene i læreplanen, og hvordan kandidaten bruker og reflekterer over faglige kunnskaper og ferdigheter.</p> <p>Det blir lagt vekt på at du viser hvordan man jobber med forarbeid, og at du viser kompetanse innen medieproduksjon og etterarbeid, bruker fagbegreper og begrunner valgene dine.</p> <p>Se Eksamensveiledningen</p>
Andre opplysninger	Du skal svare på alle oppgavene. Les derfor nøye igjennom alle oppgavene før du svarer på dem.

Oppgave 1

Du jobber i et reklamebyrå og har fått i oppdrag å utarbeide en holdningskampanje som, på bakgrunn av regjeringens målsettinger (vedlegg 1), skal oppfordre til økt oppmerksomhet om kollektivtransport og miljøvennlig transport.

Kampanjen skal bestå av to forskjellige produkter innenfor forskjellige medier. Du velger – og begrunner – selv målgruppe og medium med bakgrunn i informasjonen du finner i vedlegg 1. Minst én av kanalene må være web-basert, den andre kan du velge selv.

Beskriv en idé du vil basere oppgaven din på, og hvordan du kom fram til denne ideen.

Gjør rede for hvordan du vil produsere og ferdigstille de to produktene, og begrunn valgene dine.

Det er viktig at du plukker ut en skisseform som passer til mediet du har valgt, begrunner denne og lager en produksjonsskisse som en del av svaret ditt.

Oppgave 2

Gjør rede for hva slags utstyr og programvare du ville ha brukt under produksjon og postproduksjon av produktene du laget i oppgave 1.

Her må du også forklare hvilke filformater som hører til det ulike utstyret og de ulike programvarene, og hvordan du ville ha eksportert de endelige produktene dine for publisering i de aktuelle kanalene.

Oppgave 3

Når en skal arbeide med holdninger, er det vanlig å benytte retoriske virkemidler og appellformer. Drøft hvordan du ville ha arbeidet med retorikken for at medieproduktene dine skulle få størst mulig gjennomslagskraft overfor målgruppen din. Her kan du tenke rent produksjonsmessig: Hva må du gjøre i produksjonen for å oppnå den retoriske påvirkningen du ønsker?

Vedlegg 1

Bakgrunnsinfo: Satsing på kollektivtransport og miljøvennlig transport

Bokmål

Artikkel | Sist oppdatert: 27.02.2019

Kollektivtransporten spiller en viktig rolle for folks dagligliv, ikke bare for de som reiser kollektivt jevnlig, men den er også en forutsetning for et velfungerende samfunn. Rammebetingelsene for kollektivtransporten og mulighetene for å videreutvikle kollektivtilbudet har derfor stor betydning for hvordan byer og tettsteder vil se ut i fremtiden.

Kollektivtransportens styrke og svakhet er at den har som mål å løse en rekke ulike mål samtidig:

Mobilitet for alle: Å transportere dem som ikke har egen transport. De har krav på like gode muligheter som andre til å utnytte samfunnets tilbud.

Best mulig tilbud til trafikantene: Å gi et best mulig transporttilbud til dem som reiser kollektivt i dag, både når det gjelder reisetid, frekvens, komfort, pris og tilgjengelighet.

Effektiv transportavvikling: Å bidra til bedre transportavvikling i byene og gjøre befolkningen og næringslivet mindre avhengig av bilbruk.

Miljøeffektiv transport: Å bidra til en bærekraftig utvikling ved å redusere forurensning, ressurs- og energiforbruk fra transportsystemet.

At satsingen på kollektivtransport skal bidra til å oppnå flere mål, gjør at de fleste er positive til økt satsning, men ofte av ulike grunner og med ulike prioriteringer av tiltak. Utslipp per passasjer kan være et viktig måltall, knapphet på areal et annet.

Kollektivtransportens rolle og virkemiddelbruk vil derfor i stor grad avhenge av hvilke områder vi ser på.

Målet i inneværende Nasjonale transportplan (2018-2029) er at all økning i persontransporten i de store byene skal tas med kollektiv, sykkel og gange. Dette er også en målsetning som flere byer og tettsteder har tatt inn i sine planer. Å nå et nullvekstmål samtidig som befolkningen vokser, innebærer en betydelig vekst i antall kollektivreiser, gangturer og sykkelreiser. Om lag 40 prosent av de daglige reisene er korte, og dette vil trolig også være situasjonen i fremtiden. På slike korte reiser er det gange og sykkel som konkurrerer med bil og som derfor bør ta veksten i transportomfanget.

Kollektivtransportsystemet er en viktig del av den hele reisekjeden, fra dør til dør og må ses i sammenheng med det øvrige transportsystemet. Gode omstigningssteder og samordning mellom ulike transportformer gir nye reisemuligheter. Systemet må sikres god kvalitet som gjør det attraktivt, mulig og enkelt for passasjerer å reise. Holdeplasser, knutepunkter og terminaler skal være rett lokalisert, funksjonelt utformet, ha god informasjon og være universelt utformet. Sterke kollektivtrafikktraseer med god framkommelighet kan være strukturdannende for nye bosteds- og virksomhetsområder.

Kilde : <https://www.regjeringen.no/no/sub/stedsutvikling/ny-emner-og-eksempler/kollektivtransport/id612407/>

Bakgrunnsinfo: Satsing på kollektivtransport og miljøvennleg transport

Nynorsk

Artikkel | Sist oppdatert: 27.02.2019

Kollektivtransporten spelar ei viktig rolle for dagleglivet til folk, ikkje berre for dei som jamleg reiser kollektivt, kollektivtransporten er også ein føresetnad for eit velfungerande samfunn. Rammevilkåra for kollektivtransporten og moglegheitene for å utvikle kollektivtilbodet vidare har derfor mykje å seie for korleis byar og tettstader vil sjå ut i framtida.

Det som er både ein styrke og ei svakheit ved kollektivtransporten, er at ein vil oppnå ei rekkje ulike mål samtidig:

Mobilitet for alle: Å transportere dei som ikkje har eigen transport. Dei har krav på like gode moglegheiter som andre til å utnytte dei tilboda samfunnet gir.

Best mogleg tilbod til trafikantane: Å gi eit best mogleg transporttilbod til dei som reiser kollektivt i dag, både når det gjeld reisetid, frekvens, komfort, pris og tilgjengelegheit.

Effektiv transportavvikling: Å bidra til betre transportavvikling i byane og gjere befolkninga og næringslivet mindre avhengig av bilbruk.

Miljøeffektiv transport: Å bidra til ei berekraftig utvikling ved å redusere forureining, ressurs- og energiforbruk frå transportsystemet.

At satsinga på kollektivtransport skal bidra til å oppnå fleire mål, gjer at dei fleste er positive til større satsing, men ofte av ulike grunnar og med ulike prioriteringar av tiltak. Utslepp per passasjer kan vere eit viktig måltal, knappheit på areal eit anna. Kva rolle kollektivtransporten skal ha, og kva verkemiddel som skal takast i bruk, vil derfor i stor grad vere avhengig av kva område vi ser på.

Målet i inneverande Nasjonal transportplan (2018–2029) er at all auke i persontransporten i dei store byane skal takast med kollektiv, sykkel og gange. Dette er også ei målsetjing som fleire byar og tettstader har tatt inn i planane sine. Å nå eit nullvekstmål samtidig som befolkninga veks, inneber ein betydeleg vekst i talet på kollektivreiser, gangturar og sykkelurar. Om lag 40 prosent av dei daglege reisene er korte, og det vil truleg også vere situasjonen i framtida. På slike korte reiser er det gange og sykkel som konkurrerer med bil, og som derfor bør ta veksten i transportomfanget.

Kollektivtransportsystemet er ein viktig del av heile reisekjeda, frå dør til dør, og må sjåast i samanheng med resten av transportsystemet. Gode omstigningsstader og samordning mellom ulike transportformer gir nye reisemoglegheiter. Systemet må sikrast ein kvalitet som gjer det attraktivt, mogleg og enkelt for passasjerar å reise. Haldeplassar, knutepunkt og terminalar skal vere rett lokaliserte, funksjonelt utforma, ha god informasjon og vere universelt utforma. Sterke kollektivtrafikktrasear med god framkomme kan vere strukturdannande for nye bustads- og verksemdsområde.

Kjelde : <https://www.regjeringen.no/no/sub/stedsutvikling/ny-emner-og-eksempler/kollektivtransport/id612407/>



www.vigoiks.no/eksamen